



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

EKSTRA / 2026

JANUAR • ÅRGANG 33

**NYTT
SYSTEM!**



EKSTRA!

Betal berre for det du kastar

Frå 2027 innfører SIM eit nytt system
for veking og registrering av restavfall
og bioavfall.

Les meir på side 2 og 3.

Betal berre for det du kastar

Frå 2027 innfører SIM eit nytt system for rest- og bioavfall. Systemet vil medføre at dunkane dine vert vegt og registrert. Målet er betre sortering, mindre restavfall og at kvar abonnent betalar meir rettferdig for eige avfall. I løpet av februar 2026 startar me opp med merking av dunkane dine. Anten heime hos deg, eller når dei er sett ut på tømmedag.

1

Dunkane dine

- Dunkane dine blir **merkte med chip og adresse**
- Feil nummer kan føre til **feil rekning eller avvik**
- **Du får ikkje nye dunkar** – du skal ha dei same dunkane i det nye systemet
- Det er viktig at **dunknummeret stemmer** med abonnementet ditt (sjå topploket etter nummer)




Sjekk at dunknummeret som står på dunken din, stemmer med opplysningane du finn på «Mitt SIM».

Du finn nummeret til dunken din i oversikta på «Mitt SIM».


2

Kva må du gjere no?

- Logg inn på **Mitt SIM** via **sim.as/mitt-sim**, eller skann QR-koden nede til høgre
- Sjekk at dunknummeret som står på **abonnementet** ditt stemmer med **dunknummeret på dunkane dine**
- Dersom dunknummeret ikkje stemmer, sjekk om du har bytt dunk med naboen. Dersom du ikkje finn rett dunk/dunken din, meld frå til SIM
- Dersom du ikkje finn dunknummeret, eller at det er uleseleg på dunken, **vil SIM merke dunken med rett dunknummer**



Logg deg inn via **sim.as/mitt-sim**, eller skann QR-koden:



Spørsmål og svar

Kva er nytt?

- SIM startar i 2027 med å registrere og vege restavfalls- og biodunkane dine. Det er difor viktig at du har rett nummer på dunken din. Sjå side 3 for meir informasjon om korleis du sjekkar dette.
- Du betalar i større grad for **restavfallet du faktisk kastar**
- Færre tømmingar av restavfallet = **lågare kostnad**
- God sortering blir «**premiert**»
- Restavfall blir dyrare å handtere
- Fakturering etter den nye ordninga startar i 2028

Korleis spare pengar?

- Sorter matavfall, plast, papir, glas og metall rett
- Har du lite restavfall, kan du **stå over ei tømming**
- Står du over, **betaler du ikkje** for den tømminga
- Grove eller gjentekne feil → **raud lapp**, dunken blir ikkje tømt
- Overfylt dunk eller misbruk av ordninga kan gi avvik

Kvifor innfører SIM dette?

- Avdi plukkanalysar viser at restavfalls- og biodunken inneheld mykje feilsortering
- For å nå **nasjonale og internasjonale** krav om meir materialgjenvinning
- For å redusere mengda restavfall
- Ordninga er allereie brukt av **andre renovasjonsselskap**, med gode resultat

Kan ein fortsatt dele dunk?

Ja, det kan ein!



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord
Telefon: 53 45 78 50

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as